



NYSGJERRIG PÅ ARBEIDSINNVANDRING: Kvar dag er inntil 150 menneske innom Robin Hood-huset i Bergen. I går var også arbeidsminister Hanne Bjurstrøm på besøk. Her med dagleg leiar Marcos Amano. FOTO: ODD E. NERBØ

- Betre å bli heime

Arbeidsminister Hanne Bjurstrøm átvarar arbeidsinnvandrarak mot å flytte til Noreg før dei har fått jobb.

AV Kjersti Mjør

Publisert: 30.mai. 2012 (22.06) Oppdatert: 30.mai. 2012 (22.07)

- Arbeidsinnvandrarak må ha eit realistisk bilete av kva Noreg har å tilby. Dersom dei ikkje har avtale om jobb før dei reiser, er det betre å bli heime, seier arbeidsminister Hanne Bjurstrøm.

Tysdag besøkte ho Robin Hood-huset, eit tilbod til økonomisk vanskelegstilte i Bergen. Dagleg kjem inntil 150 menneske for å lese aviser, surfe på nettet, låne telefonen eller drikke kaffi.

Halvparten er arbeidsinnvandrarak frå EØS-området. Dei har reist til Bergen på lykke og fromme på jakt etter arbeid. Mange kan ikkje eit ord norsk og som regel heller ikkje engelsk. Ein del har vore arbeidsledige lenge og har berre nokre få hundre euro i lomma, når dei landar på flyplassen.

Uregistrerte innvandrarak

Sju prosent av arbeidsinnvandrarakane som er registrert i Noreg kjem frå Sør-Europa. I tillegg er eit ukjent tal her utan at norske styresmakter veit om dei. Det er særleg den siste gruppa ministeren er nysgjerrig på å få vite meir om.

- Mange ventar i det lengste med å registrere seg i Norge, fordi dei berre kan opphalde seg her i landet i tre månader etterpå, forklarar Marcos Amano, som er dagleg leiar for Robin Hood-huset.

I mars i fjor fekk Robin Hood-huset merke den første bølga frå Spania. Sidan har dei hatt kring 400 spanjolark som brukarar.

I same periode har Robin Hood-huset også registrert kring 50 personar frå Romania, Polen, Baltikum og Bulgaria, og kring 30 frå Frankrike, Italia, Hellas, Portugal og Tyskland.

Solskinsreportasjar på TV

Mange av desse har låg utdanning og lite eller ingen kunnskap om den norske arbeidsmarknaden og det norske samfunnet, før dei kjem.

Derimot har mange sett TV-reportasjar på spansk fjernsyn, der utflytta spanjolark fortel solskinshistorier om livet i Norge: Om kor lett det er å få arbeid her, om den høge levestandarden og om sympatiske, norske sjefar.

- Mange fortel at dei såg på TV at dei kan tene 15–20 euro timen i Norge. I tillegg har Spania ein enorm norsk koloni som også fortel fantastiske historier om livet i Norge, seier Amano.

Direkte frå flybussen

På denne bakgrunnen bryt mange spanjolark opp heimefrå og flyg direkte til Flesland på billegbillettar.

- Nokre kjem til direkte frå flybussen til Robin Hood-huset med kofferten i handa og seier "no er eg her, gi meg ein jobb", fortel Wenche Berg Husebø, styreleiar i Robin Hood Stiftelsen.

Før mange ventar ein tøff, norsk kvardag. Særleg vinteren var hard for tynnkledde, arbeidsledige søreuropearar utan inntekt og fast plass å bu.

- Ein del klarer seg på svart arbeid. Nokre blir grovt utnyttat med lønningar på 30 kroner timen. Vi kjenner til eksempel frå reinhaldsbransjen der dei får kontraktar på to timar, men jobbar i seks, seier Amano.

- Betre å bli heime

Nokre vel å reise heim igjen. Andre vel å bli, fordi dei ikkje har noko å dra heim til. Dessutan er det færre på gata i Norge enn i heimlandet.

Arbeidsministeren er særleg oppteken av å gje denne gruppa arbeidsinnvandrarakane korrekt informasjon før dei reiser til Norge.

- Eg vil mellom anna sjå på om informasjonen er god nok, seier ho til BT.

- Personar med låg utdanning og lite eller ingen norsk- eller engelskkunnskapar har vanskar med å få seg jobb i Noreg, og det er viktig at dei er klare over dette før dei reiser. Det er trist om fortvilte menneske brukar sine siste sparepengar på å reise til Noreg om dei ikkje finn arbeid her.

Forarga over utnytting

Bjurstrøm rettar også ein peikefinger mot norske arbeidsgjevarar som utnyttar arbeidsinnvandrarak.

- At norske arbeidsgjevarar utnyttar folk i den absolutte nød, forargar meg verkeleg! Dette bør oppta både NHO, fagrørsla og den enkelte arbeidsgjevar, seier Bjurstrøm, som roser Robin Hood-huset for å gi ei stemme til dei nye arbeidsinnvandrarakane.

- Det er viktig for meg å få informasjon frå dei som er tett på denne gruppa.